



# UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

## Utsett eksamen i EXPHIL03 våren 2012 – sjølstudiumsvarianten

Fredag 8. juni - kl 09.00-13.00 (4 timar)

Du finn heile oppgåvesettet på ei side.

Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.

Du må svare på ei oppgåve frå del I og ei oppgåve frå del II.

### Del I: Filosofi- og vitskapshistorie

Anten:

#### Platon

Gjer greie for skilnaden mellom oppfatningar (meningar), sanne (riktige) oppfatningar og viten (kunnskap) hos Platon. Korleis argumenterer han i *Menon* for at politikarane (statsmenn) ikkje har slik viten? Kva for type innsikt meiner Platon at «de statsmenn som har rett i mange viktige ting de sier» har?

Eller:

#### de Beauvoir

I ”Det annet kjønn” skriv Simone de Beauvoir: ”Det perspektivet vi anlegger er den eksistensialistiske etikk”. Forklar nærare kva ho legg i dette perspektivet. Kom deretter inn på omgrepa *transcendens* og *immanens* og den rolle dei spelar i analysen hennar av tilhøvet mellom kjønna.

### Del II: Etikk

Anten:

#### Fried og konsekvensar

Charles Fried kritiserer i tekstutdraget «Elementer» konsekvensialismen (herunder utilitarismen). Gjer greie for denne kritikken. Diskuter i den samanhengen også Fried sin eigen teori og det skillet han gjer mellom intenderte og ikke-intenderte konsekvensar.

Eller:

#### Dygdsetikk.

Korleis argumenterer Hursthouse for at dygdsetikk gjer eit alternativt syn på abortproblematikken samanlikna med deontologi og utilitarisme?